



**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk fjellsenter
Brubakken 2, 2686 Lom
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 57 64 31 47
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/jotunheimen>

NVE - Konsesjonsavdelinga

Saksbehandler Eldrid Nedrelo

Vår ref. 2021/9240-5 432.3

Dykkar ref.

Dato 22.09.2021

Innspel i samband med synfaring - Fornya konsesjon for kraftutbygginga Fortun - Grandfaste

Vi takkar så mykje for invitasjon til synfaringa etter høyringa knytt til søknad om fornya konsesjon for kraftutbygginga Fortun-Grandfaste.

Under synfaringa hadde vi nokre kommentarar som dels støtta innspela frå Sogn og Fjordane Turlag, Sogn og Fjordane Villreinutval og Villreinnemnda i Sogn og Fjordane. Vi ynskjer å presisere desse punkta som gjeld avbøtande tiltak - arrondering av deponi i Styggedalen ved neste tømning og endra bruk av anleggsveg inn i Ringsdalen, jf. vår høyringsuttale datert 12.12.2017.

Bakgrunn for innspelet

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Det er ei viktig oppgåve for nasjonalparkstyret å vareta verneformåla og verneverdiane i desse områda på best mogleg måte.

Tiltak utanfor verneområdet kan påverke verneverdiane innanfor vernegrensa, og etter naturmangfaldlova § 49 skal det takast omsyn til dette: «*Kan virksamhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår*».

«Vakre og eigenarta landskap», «leveområde for villreinen» og «kulturminne» er viktige delar av verneformålet i Jotunheimen nasjonalpark. Vi ser at avbøtande tiltak i randsona til nasjonalparken vil kunne ha positiv verknad på verneverdiane inne i nasjonalparken, særleg villrein og landskap, men også gamle kulturminne som fangstgroper då dei m.a. formidlar tidlegare bruk av områda som trekkveggar for villrein.

Styggedalen

Villreinen sin bruk av område varierer med både årstid og over lengre tid. Å ta vare på leveområda for villrein er ein viktig del av verneformålet med Jotunheimen nasjonalpark, og tiltak som påverkar viktige funksjonsområde for villreinen i randsona vil kunne påverke verneverdiane i nasjonalparken. Trekkruiter er eksempel på slike viktige funksjonsområde, og det går fleire viktige trekkruiter gjennom nasjonalparken, men også i randsonene. Vi viser til høyringsuttalen frå Villreinnemnda i Sogn og Fjordane om effektane reguleringa har på m.a. trekket som kryssar Styggedalen og Ringsdalen.



Deponiet i Styggedalen der slam har vorte lagra, og jamleg fylt på er skjemmande. Her vart det før etablering av Jotunheimen nasjonalpark deponert massar innanfor vernegrensa, men seinare deponering er lagt på utsida. Slike deponi er eit framandelement, særleg når det skal fyllast på regelmessig. Vi støttar framlegget under synfaringa om at det må lagast ein detaljplan for korleis massane evt. kan deponerast. Det inkluderer ei vurdering for maksimal utstrekking og volum av deponiet, og ein slik plan må også innehalde vurdering av uttransport av framtidige massar. Ein viktig del av vurderingane i planen må vere omsynet til villreinen si trekkroute i området, kulturminne og tilpassing til landskapet. I arbeidet med ein slik detaljplan er det viktig at alle partar som ein slik plan vedkjem blir involvert.

Ringsdalen

Anleggsvegen inn Ringsdalen vart bygd fram til eit tidleg slamfanganlegg i Ringsdalen oppstrøms bekkeinntaket. Dette er ikkje i bruk lenger, og vegen har ingen praktisk funksjon for regulanten. Bruken av vegen har auka mykje siste åra knytt til utøving av friluftsliv i Hurrungane. Sommarstid er det svært mange som køyrer vegen inn i Ringsdalen og teltar/campar like ved bilen. Bruken av vegen gjer at folk kjem seg lenger inn i områda, og aktiviteten vil slik sett kunne verke forstyrrande for villrein innanfor nasjonalparken. Denne aktiviteten føregår elles midt i ei viktig trekkroute for villreinen, og det er ikkje tilrettelagt med toalett for teltande i området. Det at folk oppheld seg meir i området vil verke svært forstyrrande midt i villreintrekket. Med bakgrunn i dette meiner vi at vegen bør stengast med bom. Nasjonalparkstyret støttar grunneigarane sitt syn på dette. Til grunn for vår vurdering ligg også omsynet for å vareta Ringsdalen som eit viktig funksjonsområde for villrein. Å halda Ringsdalen mest mogleg fri for terrengslitasje og forsøpling vil også vere positivt for naturopplevinga av området

Oppsummering

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen støttar framlegget om at det må lagast ein detaljplan for korleis massane i Styggedalen evt. kan deponerast. Det inkluderer ei vurdering for maksimal utstrekking og volum av deponiet, og ein slik plan må også innehalde vurdering av uttransport av framtidige massar. Ein viktig del av vurderingane i planen må vere omsynet til villreinen si trekkroute i området, kulturminne og tilpassing til landskapet. I arbeidet med ein slik detaljplan er det viktig at alle partar som ein slik plan vedkjem blir involvert.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen meiner at anleggsvegen som tek av frå Tindevegen retning Ringsdalen enten bør stengast med bom for å vareta Ringsdalen som eit viktig funksjonsområde for villrein. Nasjonalparkstyret støttar Villreinnemnda sitt syn på dette. Ved å unngå telting i stort omfang, vil ein i større grad kunne halda Ringsdalen mest mogleg fri for terrengslitasje og forsøpling, noko som også vil kunne vere positivt for naturopplevinga av området.

Med helsing

Leif Solemsli
Styreleiar
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Eldrid Nedrelo
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift



Kopi til:

Villreinutvalet i Sogn og Fjordane
Luster kommune
SNO Jotunheimen v/Rigmor Solem
Villreinnemnda i Sogn og Fjordane
Kari Sveen
Statsforvaltaren i Vestland